

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.12.2019
Vår ref.: 2019/12232-2
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Trafikktrygging og tilskotsordningar i Vestland fylkeskommune

Sogn og Fjordane og Hordaland går saman til Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Fylka i Noreg får frå same dato ansvaret for fleire nye oppgåver. Dei største endringane er knytt til samferdsel og overføring av oppgåvene Statens vegvesen til no har utført for fylkeskommunane gjennom ordninga *sams vegadministrasjon*. Det inneber at den nye fylkeskommunen vil vere kontaktpunkt i mange saker der kommunane tidlegare har samarbeidd med Statens vegvesen.

Fylkeskommunane har, saman med kommunane eit stort og viktig ansvar for trafikktryggleiken. Tilskotsordningar til trafikktryggleikstiltak har vore ein viktig del av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar sitt arbeid overfor kommunane. Ein har i dei to fylka hatt ulike tilskotsordningar som no er samordna og utvikla vidare til tre tilskotsordningar. Desse vart vedtatt av fellesnemnda for fylkessamanslåinga i møte 18. juni 2019. Løyvingar frå tilskotsordningane vert tildelt etter politisk vedtak. Ordningane er gjeldande frå 2020:

- Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikktryggingssplanar
- Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar

Det vert opna for søknadar til ordningane for *trafikktryggleiksaktivitetar* og for *fysiske trafikktryggingstiltak* frå 2. januar 2020. Tilskotsordningane vil ha eigne sider på www.vestlandfylke.no der ein vil finna alt av relevant informasjon og søknadsskjema¹. Retningslinjer for tilskotsordningane ligg vedlagt.

Når det gjeld ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak er det ønskeleg å få tildelt midlar frå ordninga tidleg i 2020 slik at kommunane har høve til å gjennomføre tiltaka i løpet av året. På grunn av fylkessamanslåinga kan me ikkje opna for søknadar før over nyttår. Det vert difor ein relativt kort søknadsfrist. *Me ber difor kommunane om å starta arbeidet med å førebu søknadar om tiltak.*

Søknadsfristen vert 3. februar 2020. Informasjon om søknadar til tilskotsordninga følgjer vidare i dette skrivet.

¹ Nettstaden vestlandfylke.no er ikkje sett i drift enno. Nettstaden vlfk.no er ein mellombels nettstad for samanslåingsprosessen.

Om tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak

Målgruppe for tilskotsordninga er alle kommunar i nye Vestland fylke. Føremålet med ordninga er å styrkje trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Kommunane sit på viktig kunnskap om dei lokale utfordringane. Tilskotsordninga gir kommunane ei moglegheit til å få støtte til å gjennomføre prioriterte fysiske trafikktryggingstiltak.

Kva kan ein søkje om?

Kommunane kan søkje om tilskot på inntil 250.000 kroner til fysiske trafikktryggingstiltak på fylkesveg og kommunal veg. Det vert prioritert tiltak retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Viktig å merka seg

Det er krav til kommunal eigendel på minimum 50 prosent. Det er vidare stilt krav til oppdatert kommunal trafikktryggingssplan. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. Tiltaka skal vere planavklart på søknadspunktet, dersom tiltaka krev reguleringsplan.

Tildeling

Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt ein gong i året, etter politisk vedtak. Tilskotet vert først utbetalt når tiltaket er gjennomført og fylkeskommunen har motteke tilfredsstillande dokumentasjon på fullføring. Tiltaket skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av det året tilskotet vert gitt.

Meir informasjon

Retningslinjer for tilskotsordninga er vedlagt dette skrivet. Der står det meir utfyllande om tilskotsordninga.

Spørsmål om tilskotsordninga kan rettast til rådgjevar Even Vaular på e-post even.vaular@hfk.no.

Dina Lefdal
påtroppande fylkesdirektør, Avdeling for infrastruktur og veg

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer - Tilskot kommunale trafikktryggingssplanar
- 2 Retningslinjer - Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- 3 Retningslinjer - Tilskot til trafikktryggleiksaktivitetar